



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 23.12.2019
Vår ref: 19/02702-9
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter mineralloven for Tindadalen i Sveio kommune. Tiltakshaver: Vassbakk & Stol AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

1. Konsesjonen

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 14. juni 2019 frå Vassbakk & Stol AS, med organisasjonsnummer 927 048 841. Vassbakk & Stol AS, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av naturstein/fyllitt-skifer i Tindadalen på eigedomen gnr./bnr. 6/1 og gnr./bnr. 7/1 i Sveio kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 93 dekar og går fram av kart over konsesjonsområde, sjå vedlegg 1.

Området er i detaljreguleringsplan, vedtatt 18. mai 2017, regulert til steinbrot og masseuttak. Etter avslutta drift skal området tilbakeføres til landbruksformål.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyper, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lov. Tiltakshavar er ansvarlig for å innhente andre nødvendige løyper.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 100 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti som ein påkravsgaranti for et beløp på NOK 1 100 000 som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket blei gjort skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

DMF sett ytterligare eit vilkår med følgjande innhald:

- Innan 2 månader etter at konsesjonsvedtaket er treffet, skal konsesjonsgrensen for massetaket setjast ut eller markerast i terrenget, slik at den er lett synlig gjennom hele driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Tindadalen. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyrings uttalelser og DMF sine kommentarer

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Sveio kommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Statens Vegvesen Region vest, mattilsynet, grunneiere og omkringliggende naboer.

Høyringsperioden var frå 7. november 2019 til 5. desember 2019.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune uttaler følgjande i sitt høyringsfråsegn:

«Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde. Arealføremålet for masseuttak blei fastsett i gjeldande reguleringsplan for Steinbrot Tindadalen, og tilhøvet til kulturminneinteressene i området blei avklart i samband med handsaminga av



planen. Driftskonsesjonen vedkjem ingen kulturminneinteresser. Vi viser elles til vår fråsegn i samband med tidlegare offentlig ettersyn av reguleringsplanen. Fylkeskonservatoren har ingen vidare merknader i saka».

DMF si kommentar:

DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning.

Mattilsynet

Mattilsynet uttaler følgjande i sitt høyringsfråsegn:

«Mattilsynet avdeling Sunnhordland og Haugalandet kan ikke se at driftskonsesjon for Tindadalen i Sveio kommune berører våre forvaltningsområder, og vi har ingen merknader».

DMF si kommentar:

DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning.

Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen i Vestland uttaler følgjande i sitt høringsinnspill:

«Det er ikkje registrert særskilte naturverdiar ein må ta omsyn til ved drift i anlegget, og det går fram at anlegget truleg ikkje vil føre til negativ påverknad på resipient eller særlege støyproblem.

Vi har derfor ingen spesielle merknadar til søkeren, men minner om foreiningsforskrifta kapittel 30 som set krav til utslepp av støy, støv og utslepp til vatn frå pukkverk. Verksemder som har pukkverk må også sende meldeskjema med informasjon om drifta til Fylkesmannen. Meldeskjema er tilgjengeleg på våre nettsider.

Dersom det vert danna minerallavfall får verksemda, må dei vurdere om dei vil bli omfatta av reglane i kapittel 17 i avfallsforskrifta om handtering av minerallavfall».

DMF sin kommentar:

DMF tar uttalelsen til etterretning.

Statens Vegvesen Region vest

Statens Vegvesen uttaler at deire interessene ble ivaretatt i samband med reguleringsplanarbeidet, og har difor ingen merknader til konsesjonssøknaden.

DMF si kommentar:

DMF tar uttalelsen til etterretning.

Sveio kommune

Sveio kommune uttaler følgjande i sitt høyringsfråsegn:

«Med omsyn til gnr 6 bnr 35 ser det ut frå kartvedlegg med teikningsnummer 40227-205 ut som eigedomen ligg i område med vegetasjonssone der skog skal takast vare på og der det er jordvoll og fordrøyingsbasseng. Kva som er vist på



kartvedlegg rett sør for fordrøyingsbassenget er vanskeleg å finna ut av frå teiknforklaring, men det ser ut som dette området ligg utanfor gnr 6 bnr 35.

De refererer til søkjars si utsegn om at det har vore teke ut stein i området i fleire hundre år. Det stemmer nok når me ser på bygda, men me kjenner ikkje til korleis det har vore i området der det er søkt om driftskonsesjon. Det kan nemnast at bygningar og murar på nærliggjande Einstadbøvoll gard vart freda i 1923 på grunn av steinarkitekturen med mange murde bygningar og med taktekking av steinheller. Steinmaterialane skal fullt ut vera tekne på staden.

Steinen i området har vore brukt lokalt i «alle tider». Men me kjenner ikkjetil at det har vore bryting av stein i større skala for sal tidlegare. Næringsdrift med stein kom i gong først ved Lars Staupe AS si drift. Dette selskapet er seinare kjøpt av Vassbakk & Stol AS. Første reguleringsplanen for denne drifta vart godkjend i 2003. I 2011 og 2013 vart det godkjend reguleringsplan for utviding nord for fylkesvegen. Og i 2017 vart det altså godkjend reguleringsplan i same området, men no sør for fylkesvegen. Planområde i kommuneplan 2011-2023 er 117 dekar både på nordsida og på sørsida av fylkesvegen.

Ulike kartbasar viser ikkje funn som gjeld natur og kulturminne i driftsområdet. Dette har fått si gode handsaming i reguleringsplanen og me ser ikkje grunn til å gå nærmere inn på emna her. Det same gjeld omsyn til friluftsliv der kartdatabase viser friluftsinteresser i driftsområdet, men der driftsområdet er utkanten av større driftsområde. Omsynet til ureining meiner me òg har fått den nødvendige avklaringa i reguleringsarbeidet. Tilbakeføring av området etter drifta må me tru er sikra i reguleringssaka og i driftskonsesjonssaka.

Uttaket av stein i uttaksområdet har lange tradisjonar, men har som nemnt blitt meir profesjonalisert i seinare tid. Vidare drift som i driftskonsesjonssaka vil skapa kontinuitet og halda oppe arbeidsplassar og verdiskaping. Stein frå Valevåg, som han er marknadsført som, er brukt til store og små prosjekt. Kommunen veit ikkje anna enn at steinen har godt ord på seg. Kjent bør den i alle fall vera gjennom marknadsføringa. Kommunen synst det er bra at det vert gjort godt planleggingsarbeid og god gjennomføring for å gjera «gull ut av gråstein» i kommunen vår. Det må òg nemnast at det er positivt at det dryp litt på grunneigarane. Dette er dei to største bøndene i bygda. Drifta deira er viktig for å halda opp landbruket og å halda kulturlandskapet i hevd. Det som kanskje er mest utfordrande er nærliken til offentleg veg som er skuleveg for gående og syklande born. I reguleringssaka er det teke omsyn til det. Om slikt omsyn kan gjerast gjeldande i driftskonsesjonssaka veit me ikkje, men dette er eit særskilt viktig omsyn».

DMF si kommentar:

DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning, og legg til grunn at Tiltakshavart til ein kvar tid driv i medhald av gjeldande reguleringsplan.

Frode Hauggjerde

Frode Hauggjerde uttaler at planane slik dei førelegg i dag vil lede vekk mykje av vatnet som i dag renn ned på Huggjerdes eigedom, gbrn. 6/16. Frode Hauggjerdes planar for garden er avhengige av vatnet som renn ned dalen mot gården. Bekken har liten, men årssikker vassføring som er adekvat for Hauggjerdes behov.



DMF si kommentar:

DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning. Problemstillingar kva gjeld vatn bes retta mot NVE og Sveio kommune.

5. DMF si vurdering av søknad om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekosten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekosten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekosten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale/avtalar med grunneigaren/grunneigarane for for gnr./bnr. 6/1 og gnr./bnr. 7/1, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen/Avtalane gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekosten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekosten.

Deler av omsøkt konsesjonsområde og reguleringsplan for Tindadalen går over på en liten del av eidegdommen gnr./bnr. 6/35, omlag 255 m². Eidegomsgrensa for gnr./bnr. 6/35 er av Kartverket registrert som «mindre nøyaktig». På bakgrunn av disse to forhold vurderer DMF at det ikkje er nødvendig at Tiltakshavar dokumenterer utvinningsrett for gnr./bnr. 6/35. Videre ba DMF grunneigar av gnr./bnr. 6/35 uttale seg i høyringsrunden. DMF mottok ingen høyringsinnspeil frå grunneigar.



5.2 Tiltakets arealmessige status

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 93 dekar og går fram av kart over konsesjonsområde, sjå vedlegg 1.

Området er i detaljreguleringsplan, vedtatt 18. mai 2017, regulert til steinbrot og masseuttak. Etter avslutta drift skal området tilbakeføres til landbruksformål.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomensten innanfor arealet på 93 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 1 900 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 20 000 faste m³. Drifta er planlagt i fire delområder, avgrensa til kotehøgder 20 meter under terrenngoverflata. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. Det blir også presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til jordbruksføremål.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Tindadalen godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjøre endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



5.5 Bergfaglig forsvarlig drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Søkers kompetanse for drift av forekomsten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Rune Stumo som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

Etter DMF si vurdering vil Tiltakshavaren ha tilstrekkeleg kompetanse for å drive førekomsten når ein bergteknisk ansvarleg for uttaket med dei nødvendige kvalifikasjonane er på plass.

5.7 Dei miljømessige konsekvensane av utvinning

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. I reguleringsplanens planbeskrivelse er det redegjort for miljøverdier i området og uttakets påvirkning på miljø.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 7. november 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området. DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.



5.8 Forholdet til omgivelsene og nærliggende områder under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Masseuttaket skal vere sikra med skilt og gjerde langs brotkanten. Skjeringar skal bli sikra med stabbesteinsikring ved behov, og dei skal bli fylt med massar fortløpande under drifta. En vegetasjonsskerm/voll skal skjerme mot innsyn og støy, og oppretthalde det visuelle uttrykket av landskapet.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Tiltakets betydning for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga naturstein, blokkstein, skifer og murestein. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av, det vil seie stein til bruk i uteareal, bygningar og monument. Fjellet i uttaksområdet inngår ifølgje NGU sine berggrunnskart i kategorien fyllitt-skifer/glimmerskifer. Tiltakshaver beskriv at førekomsten er av svært god kvalitet, enkel å dele og har et stort fargespekter.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etter avslutting av uttaket skal området nyttast til landbruksføremål. Etter avslutta drift skal alle bygningsmessige tiltak, skrot og søppel fjernast. Ein vil i drifta hovudsakleg tilbakeføre delområdane A, B, C og D etter tur til LNF-område vegetasjon tilnærma lik dagens. Området skal dekkast til med lausmasse og jord, slik at det skjeringane blir til ein skråning. Skråninga sås til med grasfrø og det plasserast et 300 meter langt permanent sikringsgjerde langs toppen.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstilande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerhetsstillelse

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavar framlegg ein økonomisk sikkerheit på NOK 960 000 ved konserngaranti. Beløpet inkluderer NOK 810 000 til tilbakeføring av området, og NOK 150 000 til eit sikringsgjerde på 300 meter.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere for lavt. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.



DMF vurderer at framlegget til beløp for sikringsgjerde er lavere enn DMF sine erfaringstal for tilsvarande lengde. DMF må også legge til kostnader for konsulenttjenester og uforusette hendelser.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 100 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti.

Innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket blei gjort skal Tiltakshavaren stille ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 1 100 000.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått har DMF rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren.

Bankgarantien fell bort etter skriftleg samtykke frå DMF.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

DMF finn det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Dersom driftsperioden er lengre enn 5 år, skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbei de ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.



5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

Dersom det blir endringar i krava til sikkerheit pliktar Tiltakshavaren å stille med ny påkravsgaranti og/eller signere en pantsettingserklæring som skal sendast banken, og inngå ein ny avtale om finansiell sikkerheit dersom denne skal bestå av anna enn bankgaranti aleine.

6. Driftskonsesjonens varighet

Driftskonsesjonen kan revideres etter 10 år.

Driftskonsesjonen bortfaller hvis ikke drift er startet opp senest fem år etter at konsesjonen er gitt. Det samme gjelder hvis driften blir innstilt i mer enn ett år. Det kan søkes til DMF om forlengelse av disse fristene. Driftskonsesjonen faller også bort dersom:

- Utvinningsretten for statens mineraler slettes
- avtalen om rett til å utnytte forekomst av grunneiers mineraler opphører
- skjønn ikke er krevd innen ett år etter at ekspropriasjonstillatelse er gitt etter mineralloven § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikke overdras. Dette gjelder også ved overdragelse av utvinningsretten.

7. Tiltakshavers plikter

Tiltakshaver har rettigheter og plikter som følger av mineralloven med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Senest en uke før oppstart av driften skal tiltakshaver sende melding til DMF.

Tiltakshaver skal også sende melding til DMF før driften midlertidig stanses eller legges ned, i henhold til mineralloven § 44.

Driften skal utføres med varsomhet

Driften skal utføres med varsomhet slik at skadene ikke blir større enn nødvendig. Arbeidene skal heller ikke føre til unødvendig forurensning eller skade på miljøet, i henhold til mineralloven § 48.

Forsvarlig sikring og opprydding

Området skal sikres slik at arbeidene ikke medfører fare for mennesker, husdyr eller tamrein. Sikringsplikten omfatter også gruveåpninger, tipper og utlagte masser på områder som ert tilknyttet konsesjonsområdet i henhold til mineralloven § 49.

Området skal være forsvarlig ryddet mens arbeidene pågår, i henhold til mineralloven § 50. Området skal være forsvarlig ryddet og varig sikret etter at arbeidene er avsluttet, i henhold til mineralloven §§ 49 og 50. DMF kan fastsette en frist for når oppryddingen skal være avsluttet.



Ansvar for bergteknisk ansvarlig

Bergteknisk ansvarlig har et særskilt ansvar for å påse

- at driften skjer på en teknisk forsvarlig måte slik at hensynet til arbeidstakere, nærliggende bebyggelse og omgivelsene ellers ivaretas
- at avbyggingen av forekomsten skjer på en bærekraftig måte
- at driften til enhver tid skjer etter en ajourført og godkjent driftsplan

Rapportering

Tiltakshaver skal sende årlig driftsrapport til DMF via «MinSide» på dirmin.no.

Når uttak av grunneiers mineraler legges ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjelder dersom uttaket har mineraliseringer av vesentlig geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partene i saken og andre med rettslig klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglene i forvaltningsloven kapittel VI.

Fristen for å klage er 3 uker etter at dere mottok dette brevet. Klagen skal sendes til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikke finner grunn til å gjøre om vedtaket, sendes klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som treffer endelig vedtak i saken. Klagen må beskrive og begrunne hva det klages over, og inneholde forslag til endringer.

Partene i saken har rett til å gjøre seg kjent med saksdokumentene, etter forvaltningsloven §§ 18 og 19.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonssjef

Thomas Furunes
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Geir Sigurd Hovig*



Vedlegg:

Kart over konsesjonsområde.pdf
AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE.docx
PÅKRAVSGARANTI.docx
Driftsplan.pdf

Mottakarar:

Vassbakk & Stol AS Postboks 63 4291 KOPERVIK

Kopi til:

Sveio kommune	Postboks 40	5559 SVEIO
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Mattilsynet	Postboks 383	2381 BRUMUNDAL
Hege Merete K. Eriksen	VALEVEGEN 100	5554 VALEVÅG
Olav Andre Litlabø	TITTELSNESVEGEN 770	5554 VALEVÅG
Jon Viika	KIPO 3 A	5114 TERTNES
Martin V. Haugsgjerd	TITTELSNESVEGEN 736	5554 VALEVÅG
Vemund Haugsgjerd	TITTELSNESVEGEN 766	5554 VALEVÅG
Annette J. Haugsgjerd	ENGJELSVEGEN 28	5680 TYSNES
Frode Haugsgjerd	ENGJELSVEGEN 28	5680 TYSNES
Tove Valen Stange	KARINAÅSEN 7	5545 VORMEDAL
Eilif Stange	KARINAÅSEN 7	5545 VORMEDAL
Steinar Karmsøy	EIDSVÅGVegen 26	5554 VALEVÅG
Arnt Haugsgjerd	Haugsgjerdvegen 9	5554 VALEVÅG
Fredrik Haugsgjerd	BÅTASTØVEGEN 12	5680 TYSNES
Rune Barane	TITTELSNESVEGEN 778	5554 VALEVÅG
Marte Hillesdal	TITTELSNESVEGEN 778	5554 VALEVÅG
Jan Eivind K. Eriksen	EINAR ØKLANDS VEG 153	5554 VALEVÅG
Kurt Ove Viika	TITTELSNESVEGEN 773	5554 VALEVÅG
Mona Fossås	TITTELSNESVEGEN 776	5554 VALEVÅG
Andres Blytt	EINSTABØVOLLVEGEN 17	5554 VALEVÅG
Dag Inge Jamne	EINSTABØVOLLVEGEN 31	5554 VALEVÅG
Marta Haugsgjerd	Tittelsnesvegen 768	5554 VALEVÅG
Haugaland Kraft Nett AS	Haukelivegen 25	5529 HAUGESUND